



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 5

2011

ÅRGANG 26



KLUBBEFESTEN – ein fest for fjordingar, sogningar og anna godt folk...

**laurdag 5. november 2011 kl. 19.00** er det duka for



## Ta fram festkleda...

For **laurdag 5. november** blir det klubbefest som forslår, med sjølvaste **Sigrid Moldestad** og musikarar i konsert! Me har gjort eit varp og fått den mest populære, kvinnelege folkemusikk- og vise-artisten for tida til å koma på klubbefesten, så i år er me redde det vert fullt i Storsalen. Sjå midtsidene, med alt om pris og påmelding.

50-årsjubileet på Pustut, Sunnfjordhytta, blir derimot dessverre ikkje noko av i haust. Pga. mykje meirarbeid med å leggja nytt golv og våla svillstokkar, drenering og anna vert ikkje hytta ferdig før til våren. Men dei har kome langt – sjå stykke lenger bak i bladet.

## Ringen

hadde fyrste helga i oktober kurs på Klækken på Ringerike, i lag med leikarringane Rakne og Symra. Sjå melding i neste nummer. Ringen har også ansvar for tre-fire av folkedanskveldane i Nordahl Bruns gate i haust. Gå på dans der, til knakande god musikk!

## Bygdelagshuset

Saka om framtida til Bygdelagshuset i Nordahl Bruns g. 22, mest om kven som skulle driva huset dei nærmaste åra, var oppe til avgjerd i eit utsett, omframt BLS-årsmøte 27. september; det stod i hovudsak mellom eitt alternativ der Bøndenes Hus AS skulle stå for drifta og samstundes greia ut vidare utvikling av garden, og eit der Olav Thon-gruppa kunne ta seg av drifta i to til fem år.

Nesten alle var samde om ikkje å selja bygarden, og om å ta imot istrandsetjingsgåve frå Olav Thon på 4 mill. og gavé, egl. eit lån, på 10 mill. til sletting av den pantegjelda BLS har no. Til slutt vart det eit knipe fleirtal for framleggjett frå vårt lag (og mindretallet i BLS-styret og Barnelaget) om å overlate drifta og forretningsføringa også til Thon-konsernet. Imedan skal styret greia ut framtidige løysingar.

Sjå elles uti bladet om kva som skjer i ringen og laget frametter, og ver velkommen både på fest, øvingar, kurs og dugnader.

**Alv Reidar Dale**  
Lagsleiar

## Osteselskap på Nordfjordhytta 25. september

Det tradisjonelle rekeselskapet vi har hatt på Nordfjordhytta kvar vår og haust i mange år, var denne gongen erstatta med osteselskap. Tilboden fall i smak hos både leiar og nestleiar i laget, som begge var med og kasta glans over kvelden. Vi var ikkje så mange denne gongen, men hadde det veldig triveleg med masse god ost og rikeleg av både vått og tørt tilbehør. Og masse god prat. Dessverre fekk Randi "hauverke", og måtte legge seg nedpå medan vi andre naut av bordets godsaker. Heldigvis rakna ho til i løpet av natta.



Glade ansikt dagen derpå etter osteselskapet. Frå venstre: Marta Reksten, Randi Solheim, Alv Reidar Dale, Astrid Gjørven, Anny Sollid. Foto: Dagfinn Aa.

## Pustut er klar for vinteren !

Fem kjekke menn gjorde ein flott innsats forrige helg. Taket på tilbygget er ferdig med papp og takrenne. Det vart gjort klart til støyting av fundament for dodunken. Ytterveggene vil bli ferdig panelt og vindauge sett inn denne veka. Golvet blir isolert, men golvborda blir lagt på til våren. Innvendig paneling vert også gjort ferdig. Tilbygget blir i vinter brukt til lagring av materialar. Og med det avsluttar vi arbeidet for i haust.

Stor takk til alle som har vore med og gjort dette mogeleg.

Hilmar

## Sivle-vandring – i Drammen laurdag 22. oktober kl. 10.00



FOTO: Alv Reidar Dale ©

Siste dagen av Litteraturuka i Drammen blir det byvandring i **Per Sivle sine fotefar laurdag 22. oktober kl 10.00**

Diktaren, forteljaren, journalisten og redaktøren Per Sivle budde det meste av sitt vaksne liv i Drammen, frå han kom dit i 1881 til han tok sitt eige liv i Kristiania i 1904. Sivle-laget inviterer til byvandring i forfattaren sine fotspor i Drammen. Me stiller med Jens Brekke og får med oss drammenstrubaduren Rolf Ødegaard, sokneprest Dag Arne Roum i Strømsgodset, der Sivle ligg gravlagd, og Nils Johan Rønniksen, som har skaffa statuen av Sivle ved biblioteket Papirbredden og Ypsilon-brua. Desse vil gje oss eit interessant møte med Sivle sitt liv og tekstane hans. Frammøte ved statuen av Per Sivle på Papirbredden (biletet).

**Sivle-laget, Alv Reidar Dale – 47 33 18 64 (m)**

# KLUBBEFESTEN – ein fest for fjordingar, sogningar og anna godt folk...

## laurdag 5. november <sup>2011</sup> kl. 19.00 er det duka for

Vi har gjort eit varp og fått den mest populære, kvinnelege folkemusikk- og viseartisten for tida til å kome på klubbefesten 5. nov. – sjølvaste *Sigrid Moldestad* og dei eminente musikarane *Anders Hall* og *Sigbjørn Apeland* i konsert! Så i år trur vi det vert styggfullt i Storsalen, både til bords, ved scena og platesigneringa.

Alle som hører litt på radio, har haurt henne ofte dei siste par åra – med vakre viser, treffande tekstar og feiande fint og vart felespel; alt frå plata TAUS - om mest ukjende spelekvinne, til den siste CD-en, *Sand-korn*, ei plate med



mange useieleg vakre spor...

**Klubbefesten**, haustens kulinariske og kulturelle

høgdepunkt for utflytte fjordingar og sogningar og nærskyldje, samlar folk langs festpynta langbord i Storsalen 1. laurdagen

i november kvart år! Og *Sigrund Nesdal* sine troll og kabbar kjem på plass. Klubben vert som vanleg laga på steinmale bygg-

mjøl frå Fjelli, med mykje godt til, og Nordfjord-songen, Klubbevisa og alt som hører ein tradisjonell klubbefest til, er med.

Dansemusikken er også tinga: *Fanteladdane* – med innslag av folk frå fylket. Dei byr på drivande godt dansespel.

Så få med deg folk og kom på Klubbefesten i Storsalen i Nordahl Bruns g. 22, laurdag 5. november kl. 19.!

**Påmelding og pris:**  
Festen kostar berre 300 kr for medl. og 400 kr for andre.  
Det er svært rimeleg for full middag, konsert i særklasse og dans til levande musikk!

**Påmeldingsfrist fredag 28. oktober. Ver tidleg ute i år!** Meld dykk på anten til:  
Jofrid Holter, e-post: [jofrid.holter@hioa.no](mailto:jofrid.holter@hioa.no)  
tlf. 975 91 542, eller til:  
Anny Sollid, e-post: [anny.sollid@online.no](mailto:anny.sollid@online.no)

---

## PROGRAM FOR HAUSTEN 2011

Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Følg med på <http://www.sognogfjordanelaget.no/>

Kvar tysdag Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen. Første gongen 23/8 og siste gongen 13/12.  
Aktivitetskalender: <http://www.sognogfjordaneringen.no>

Laurdag 24/9 Osteselskap på Nordfjordhytta

Søndag 25/9 Kanskje minikurs i parhalling kl. 18–19.30 i Halli

Helga 30/9–2/10 Haustkurs på Klækken hotell. Ringen

Søndag 16/10 Minikurs i Bodapolska kl. 18–19.30 i Halli

Søndag 30/10 Minikurs i Bingsjøpolkska kl. 18–19.30 i Halli

Laurdag 5/11 Klubbefest

Søndag 4/12 Minikurs i Bodapolska kl. 18–19.30 i Halli

Tysdag 13/12 Juleavslutting i ringen

### Lagsavisa - fristar mm.

Frist for stoff til den neste avisas er **29/11**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkta kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no). Alternativt i brev til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for ev. å avtale andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilete; helst digitale, men tek også imot farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Kristin Vasbø.

A

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
Nordahl Brunsgate 22  
0165 Oslo

---

### STYRET

Leiar: Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) – 22 85 63 48 (a)  
[a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no)  
Kasserer: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) – 92 06 72 63  
[hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no)

### PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96  
[agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no)

### HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
[agnar.hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes@nilf.no)  
Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no)

Kontakt Nordfjordhytta:  
Dagfinn Aa, [daa@ssb.no](mailto:daa@ssb.no) 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)

### SOGN OG FJORDANERINGEN

Leiar: Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) – 67147350 (a)  
[alb@geofrost.no](mailto:alb@geofrost.no)

---